

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 08.02.22 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl..16.30

Desse møtte:

Anne Ellingsen

Hallvard Bjørneset

Ove Myklebust

Jon Helge Bjørndal melde avbod, og for han var Gina Bjørndal innkalla, men ho kunne ikkje møte grunna sjukdom. Henriette Hafsaas melde avbod under møtet.

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen.

Dagleg leiar Petter Bjørndal førte møteboka.

Anne Ellingsen leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 1 til og med 13-22 og med dokument framlagt til møtet.

Kommunikasjonsansvarleg møtte og orienterte i sak 01, 03 og 04 -22.

Sakliste:

Sak 01-22. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (3 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om Kommunikasjonsarbeid, Slam, ISO 9001, Off. innkjøp, Kvalitet, Samarbeid RIR, Årim og SSR, Konsekvensar av CO2 avgifta, Status Melsgjerdet, Biogass, Korleis handtere brev frå Volda Kommune ?, orientering om økonomisk resultat 2021.

Kommunikasjonsleiar presenterte resultatet frå plukkanalysen 2021.

Sak 02-22 Godkjenning av avtalar mellom RSS og VØR.

Vedtak (3 røysteføre)

Styret godkjenner avtalane 1 – 13 mellom RSS og VØR for 2022, slik dei ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 03-22 Arbeidsgjennomgang første utkast Årsmelding 2021. Utsett off.§ 14.1 ledd.

Saka var diskutert.

Handsaminga:

Kommunikasjonsleiar presenterte utkastet til årsmelding. Styret gjekk igjennom og kom med innspel.

Sak 04-22 Melding vedk. måloppnåing 2020. Utsett off.§ 14.1 ledd..

Vedtak (3 røysteføre)

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner melding vedkomande måloppnåing for 2021, slik den ligg føre.

Handsaminga:

Kommunikasjonsleiar presenterte resultatet frå 2021. Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 05-22 Nytt slagord for VØR som inkludera klimaperspektivet

Vedtak (3 røysteføre)

Saka vert utsett til neste møte, med oppmoding om at medlemmane førebur ein god debatt på neste møte.

Handsaminga:

Fellesframlegg.

Sak 06-22 Overordna mål og retningsliner for VØR

Vedtak (3 røysteføre)

Saka vert utsett til neste møte,

Handsaminga:

Fellesframlegg: Saka vert utsett til neste møte.

Sak: 07-22. Årsrapport styring og leiing

Vedtak (3 røysteføre)

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet tek sak vedkomande Årsrapport styring og leiing, til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 08-22 Vidare framdrift for etablering av biogassanlegg.

Vedtak (3 røysteføre)

Styret tar orienteringa til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 09-22 Status Melsgjerdet 3.

Vedtak (3 røysteføre)

Styret tar orienteringa til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 10-22 Låneopptak 2022.

Vedtak (3 røysteføre)

1. Styret vedtek å gjennomføre låneopptak 2022 stort kr 30 mill kr, i tråd med vedteken ramme i årsbudsjett.
2. Styret delegerar til styreleiar og dagleg leiar å gjennomføre låneopptaket, basert på beste tilbod frå dei spurde tilbodsgjevarane.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 11-22 Tilsetting av ny dagleg leiar – val av rekrutteringsfirma.

Vedtak (3 røysteføre)

Styret tar orienteringa frå styreleiar, til vitande, og sluttar seg til prosessen slik den er skissert. Styret ynskjer å engasjere Adecco i det vidare arbeidet med rekruttering av ny dagleg leiar.

Sak 12-22 Referatsaker

Vedtak (3 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

- | | |
|----------|---|
| 15.12.21 | Statsforvaltaren: Oversending av klage på statsforvaltar sitt vedtak om biogassanlegg |
| 21.12.21 | Bingsa Gjenvinning: Varsel om Co2 avgift på avfallsforbrenning |
| 29.12.21 | VØR til NG: Oppseiing av avtale om levering av De ink |
| 05.01.22 | Kommunalbanken: Kalkylerente for 2021 (og åra som kjem) |

28.01.22 Volda Kommune: Etablering av reperasjons- og gjenbrukssentral.
Vedtak: Styret ber dagleg leiar skrive brev til Volda Kommune, med kopi til Ørsta Kommune, der det vert gjort greie for kva føresetnader som må på plass, for at reperasjon og gjenbrukssentral kan etablerast i regi av VØR.

28.01.22 Avonova: Støykartlegging hos VØR.

Sak 13-22. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (3røysteføre)


Styret godkjenner protokoll frå møte 08.02.22 slik den ligg føre.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 08.02.22




Anne Ellingsen
Leiar



Hallvard Bjørneset
Nestleiar



Ove Myklebust



Petter Bjørdal
referent